



Dugnadsfolk og sandsekker i livbåten under dugnaden tirsdag.

Tirsdag gjorde idrettslaget første runden på dugnaden dei har fått på Norsafe Årsnes. Det vert meldt at jobben gjekk greitt, men dei kunne godt vore nokre fleire folk. Derimot gjorde dei som var der, både dei vaksne og dei litt yngre, ein kjempeflott innsats. Mandag og tirsdag vert det nye rundar med dugnad, og då trengst det fleire folk!

Jobben er å lasta og lossa sandsekker i livbåtar i samband med prøvestup, og arbeidet har oppgåver som passar både for vaksne og litt store born. Idrettslaget får ein svært fin pengesum for oppdraget, og det er dermed eit betydeleg bidrag til aktiviteten i laget. Dermed kjem det heile bygda til gode. Arvid Hjelmeland i styret i UIL administrerer dugnaden, og han vert svært glad når folk sender melding på mobil **926 40 545** og melder frå om at dei kan hjelpa til.

Mandag 23.mars startar dugnadsarbeidet kl.18, og då bør det vera 24 personar. Tirsdag 24.mars kl.18 er det ein ny runde, og då bør det vera 18 personar.

Uskedalen har ord på seg for å vera dugnadsbygd nr.1 med rette. Likevel er det ein del krumtappar som går igjen i svært mange samanhengar. Her er eit prosjekt som kjem heile bygda til gode. Det sikrar eit godt og aktivt bygdemiljø med særdeles gode oppvekstvilkår for borna. Derfor bør dette prosjektet vera svært veileigna til å samla mykje folk og understreka posisjonen som den leiande dugnadsbygda!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel